
Saknr: 2020/1928-31
Saksbehandler: Dagmar Reutz Hillestad
Dato: 07.04.2020

Til: Avdeling/fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Frå: Fylkeseldrerådet i Vestland

Fylkeseldrerådet i Vestland - uttale til NTP (2022-2033)

Det som vert spelt inn til planarbeidet skal vere med å legge planføresetnader/-innhald for planperioden 2022-2033.

Denne planen skal innehalde meir enn kva for vegar, tunnelar og bruer som skal prioriterast først og sist.

Fylkesmannen i Vestland har frå hausten 2018, etter oppdrag frå Helsedirektoratet, sett i gang eit arbeid med å få implementert kvalitetsreforma «Leve heile livet» til fylkeskommunen og kommunane i Vestland.

Reforma har 5 satsingsområde:

1. Eit aldersvenleg Norge
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

Det er oppretta eit sentralt og eit lokalt støtteapparat, som skal bistå kommunane i arbeidet med å gjennomføre planen. For å lukkast med arbeidet er det avgjerande at det blir teke omsyn til reforma i alt planarbeid. Om ikkje alle satsingsområda er like relevante i ein Nasjonal transportplan er i alle fall to av punkta svært relevante.

«Leve heile livet», «Gode liv i eit trygt samfunn» og Folkehelsemeldinga må vere ein del av «Grunnlagsdokumenta» til dette planarbeidet. Fylkeseldrerådet har merka seg at reforma ikkje har vore nemnt av andre deltakarar på dei innspelsmøta som har blitt avvikla.

Nedanfor vil vi liste opp ein del punkt som vi meiner må takast omsyn til i den vidare planlegginga.

Vi vil også nemne at EU's berekraftsmål må ein også ha med seg. Vestland fylkeskommune har trekt ut nokre få område av dei 17 måla som dei vil prioritere først.

1. Vegar/vegstrekkjer som er rasutsett må ha første prioritet, sett ut frå eit trafiksikkerheitsperspektiv.

2. Fylkesvegane har eit stort etterslep når det gjeld utbygging og vedlikehald. Det burde takast eit krafttak innanfor dette feltet. Skal det bu folk i utkantbygdene i framtida må dette få høg prioritet.
3. Ved bygging av veg må gang- og sykkelveg vera med. Gangveg er eit krav der det er busetnad. Sykkelveg gjer det mogleg å ferdast frå stad til stad utan å bruke andre transportmidlar.
4. Midtdelar er ein viktig føresetnad for å få ned møteulukker m.v. Med målsetjinga til regjeringa om 0 drepte i trafikken burde dette vera ein selvfølge på riksvegane. Dette er også god folkehelseinvestering/miljøinvestering.
5. I eit eldreperspektiv er det viktig å styrke tenlege **kollektivtilbod**. Både ulike buss-tilbod som er tilpassa busetnad og geografi og som er fleksible og billige. Det må vidare satsast på tog og Ringeriksbanane må byggast.
6. Få til gjennomgåande korresponderande samband mellom ulike transporttilbod, og over fylkesgrensene for t.d. ferje/buss/båt/tog. Dette gjeld også for korrespondanse over fylkesgrensene.
7. Det må stillast krav til utforming av bussar, drosjer og togvogner slik at det er enkelt å kome seg på og av (universell utforming).
8. Systema for bestilling/kjøp av billetter må utformast enkelt og slik at ein kan bestille/kjøpe billett i eitt frå avreisepunkt til endepunkt.
9. Universell utforming av busstopp og kvileplassar/stoppeplassar, er eit gode for alle grupper. Universell utforming må difor vera med i all planlegging og er ein føresetnad for gode resultat.
10. Det må bli servicetilbod på knutepunkta, slik at folk med behov for det kan få hjelp med bagasje og anna.
11. Buss-stogg må leggjast slik at det ikkje vert plassert trafikk-farleg og med høg tidpassa vognmateriellet som vert nytta.
12. Opplysning om stoppeplassar må vera både verbalt og ved skilt.
13. Reglane for serviceskyssen og «Hent meg» (tinga transport) må tilpassast brukarane sine ønskje og behov slik at eldre også kan delta både i møter og kulturelle opplevingar. Løyvingane til slik transport må aukast slik at fleire område og fleire eldre i Vestland fylke kan få ta del i tilboda.

Vi vil presisere at opplistinga frå 1-13 ikkje er ei prioritering av tiltak som bør kome først og sist. Alle tiltaka er viktig for den gruppa vi skal representere.

Fylkeseldrerådet i Vestland
Harald Ekroll
-leiar-